Førsteblad

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 3 — Fylke: Hordaland

Tilleggsspørsmålnr. — Herad: Masfjorden

Emne: Brynet. — Bygdelag: Nordbygda.

Oppskr. av: Ola R. Mjötvö — Gard: Hosteland

(adresse): Hosteland — G.nr. 14 Br.nr. 7

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Eg er 70 aar. Hev vöre bonde all min dag. Fortel av eiga røynsle.
1) Aa slipe med bryne kallast: aa bryne: eg bryna (eg bryne). brynde. ha brynt.
Eitt eldre namn paa bryning var: aa kvèkkje. eg kvèkkje (kvötte). kvèkte. ha kvèkt (kvött).
Hein er namn paa ei sers sort bryner. Dei er mykje mjukare og finare enn vanlege bryner, og var bruka til aa lage sers fin egg med.
Aa slipe med hein kallast jamt: aa heine: eg heina. heinte. ha heint.
2. Endaa brukast her vel mest bryner av naturstein, men bruken av kunststein er stendig veksande trur eg.
Kunstbryner byrja folk fyrst aa bruke for ein 20-30 aar sia.
I bygda finst her ikkje brynestein. I Sula (Solund) fann dei heinar før.
Her kjöpte dei brynerne sine i Bergen. Det var mangeslags bryner. mest Hardang bryner eller Handbryne. men ogso mange andre sorter. Nordlandsbryne. Tronhjemsbryne so var harde. Telemarkbryne so var mjukare og gjerne endaa fleire sorter.
I gamall tid bruka dei tildels stein dei fann sjölve til aa kvesse (slipe) paa. Det var flate steinar so dei la yver knena eller nedpaa noko anna. So skura dei egga nedpaa og sliple den. Dei vart helst bruka til öksar.
3) No sliper dei alle reidskapar – baade höveltennar og barberknivar paa (rund) slipestein, men dei brukar helst serskilt (ikkje sandstein) slipestein til slikt.
(Gotlandsstein. Snikkarstein. Sjørslipersteino)
4) Fau folk veit endaa om den tid, daa her ikkje fanst runde slipesteinar, men dei laut „tynne" – (eg tynne (tynna). tynnte. ha tynnt.) reidskapane sine baade öks og kniv. Ljaa og sigd. m.m. Om maalen Ljaa og sigdar vart tynnde paa hev eg för gjort nöie greide til dykk.
Dei bruka draagstel (tynnestlinga) under arbeidet, som vart gjort i

middagstida, jammaste av gardens eigne folk, eller ein annan sers flink mann. Forskjellen millom Tynnsleljaa og slipe-ljaa var helst den at tynnsleljåane var meir solide. men dei var tyngre aa arbeide med. Det var i 1850 aara at folk slutta med aa tynne ut ljaana sine og kjöpte seg slipesteinar. I det fyrste brúka folk stundom aksling av tre i slipesteinarne sine,

5) Dei brúka fór mykje ein slik flat liggjande stein aa slipe paa. Dei kalla den for ei „Sende". Dei rettelege „sender" kjöpte dei i Bergen. Dei var av sandstein, var ca. 10—12 tummar lange og ca. 3 tumm tjukke, mest firkanta, vart brúka til aa quida egga nedpaa og naar dei vart nokk tunnslitne og lette vart dei brúka so vanlegt bryne; Der var nok dei so var större og: til öksesliping. — Dei brúka ogso andre flate slipesteinar som dei fann her i kring. Det var eitslags hellesteinar, so dei brúka aa qui egg paa öksane med. Desse vart visst ogso kalla for „sende". Dei so hadde útslaatter tok jamt slipesteinen med seg út i slaatten. Allvisst viss der var „harleitt", so ein laut slipe jamt. Var det derimot „lettleitt" kunde „bete" sta lenge i ljaaen so ein slapp aa slipe so jamt. Turr sandjord med mykje maur var harleitt. Fuktig og mjuk jord var lettleitt. Skikken med aa fytte slipesteinen er vel like gamal so brúken av slipesteinen.

6. Ein brúkar ljaaen solenge millom kvar gong ein sliper den paa stein, til egga vert so rund og tjukk av bryning at ljaaen vil ikkje bite noko vidare. Ein brynte solenge ein fekk ljaaen til aa bite nokorlunde, men „bete" i ljaaen vara stuttare og stuttare etterkvart so egga rundast. Utan slipestein var det urand aa greie seg.

7. I mi tid hev dei berre brúka eitt vanleg bryne til ljaaen. men i den tid dei brúka tynnsleljaa, brúka dei fyrst sendaa og sia brynet. Sume hadde endaa til eitt mindre bryne attpaa. Ei „brynestikke" som sume sa. Det var visst helst eitt finare bryne so dei gjorde finegg med. Bryner av tre hev eg ikkje höyrt at dei brúkar (brúkte) her.

8) Her slipte folk altid ljaana med dei stod i örvet. sidan dei fekk slipestein. Dei brúka altid bjørketoger aa binde ljaaen fast i örvet med, og det var ikkje so lett aa faa i orden att. Dei hadde eggja mot seg naar dei slipte, og snudde so steinen gjekk mot egga.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

312

3

9. Naar ein bryner ein stuttorv (styttörv) set ein enden av orvet millom ~~knena~~ (knæene) so det staar ~~(fast)~~ stött; so heldt ein om ljaaen med vinstre handi og brynar med högre handi. Ein flyttar daa vinstre handi paa ljaaen ettersom det trengst for aa stö ljaaen best noggelig mot brynet. Vert ljaaen mykje utsjend steinhöggjen t. d. tek ein ljaaen i vinstre albogen, snur orvet op, so hev ein mykje betre makt med brynet til aa „jule" ljaaen. Dei gamle hadde jamt ei sers atpaabryning. Daa heldt dei brynet i vinstre handa radt so ein spelemann heldt fela. So tok dei ljaaen i högre handa og heldt midt paa örvet. So svinga dei ljaaen litegrand mot seg paa ei sida av brynet og litegrand fraa seg paa hi sida av brynet. Det gjekk etter ein viss takt. Naar ein laangörv vert brynt set dei enden ~~10~~) av örvet i marka ~~paa~~ vinstre sida av seg. So bryner ein som paa ein styttorv med ljaaen i vinstre og brynet i högre handa.

10.) Hölken so ein bar brynet i vart kalla med ymse namn. Helst var det ei brynesloske, vel avdi brynet lang og glonka og sloska i den under arbeidet. Jamt vart den ogso kalla for ein kvötehölk. Den var altid av tre. I mi tid har den vore lite bruka. Me bar mest altid brynet i högre bukselomma. Var der dögg straack me brynet i döggja naar me sliple. Var der ikkje dögg spytta me paa brynet.

11) Nei ikkje so eg veit.

12. ~~Kv~~ Kvötehölkjen hang etter ein krok av jarn. Den vart fest i livreima (livgjora) eller i bukselininga paa högre sida framanfor so den ikkje kom iveien for arbeidet.

13. Ja me fugtar alle bryner. Olje er ikkje bruka paa ljaabryner, men berre vatn (dögg) eller spytt.

14. Det mjölet so vert naar ein bryner og so vert liggjande att i kvötehölkjen vart kalla „brynkvöt". (Stundom: Slipegrugg)

15). Nei ikkje so eg veit.

16. Det mjölet so vert liggjande att i slipesteinstrogaa vert kalla „slipesteinkvöt". Dette vert bruka mot ormstyng, enten aaleine eller blanda med urin.

312

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

17. Ja, eg hev höyrt det.
18. Nei ikkje det eg veit.
19. Aa ja, dei sa jamnaste „hvi" sume sa noko liknande eller „hvèttom" o.l.
20. Nei eg hev ikkje höyrt noko slike remser.

Men eg hugsar me snakka om slipeslaatten hans far. Endaa det var ingen slaatt, men berre den same takten og dei same draga stendigt. Den kunde rett passe til det stevet fraa Voss som staar i spyrjelista.

Den tia ein brūka ljaaen millom kvar gong ein brynte han vart kalla „eitt slip". „Eg vil no slaa eitt par slip te föt og slutta. Dèi ~~da~~ og ei sliping – eitt par slipinga. Ljaaen si evne til aa bite kalla dei bete. (eitt bet) „Dar æ godt bet i 'an." „Bete fer te aa gaa or 'an". „Eg faar ikkje bet i 'an." „Han æ ūbeitelæ". Nordbygdmaal: ūbeitela.
„Da slaar ikkje bet i ljaa'n (ljaanaa) her".
„Denne maa'n tek bete or ljaanaa"

Det var ein kunst aa bryne godt. Det beste var aa före brynet op og ned paa tvers av ljaaen.
Til hymseljaana brūka ein helst gröve, harde bryner tilaa byrja med, og eitt finare bryne tilslutt.

Det var eitt stort framsteg at folk fekk seg runde slipesteinar. Tymseljaana var mykje tyngre aa arbeide med. Dessutan var mange av desse so skulde vere ljaasmedar lite dugande so det var umogeleg aa faa bet i ljaaen kor ein bryna.
Det gjekk baade slitsamt og seint med slaatten mangeingong.
Dei sa stundom at „dei baanka tröll" naar dei ~~sa~~ slo. tröll = orm.

Til aa tynne ljaa med hadde dei ein serskild „tynslehamar" og ein liten dragsle oppaa den andre steen.
Om middagane naar kvar mann stod i si smie aa tynte ljaa hörde ein – kling-kling-kling, – kirr – naar dei slepte hamaren nedpaa steen. Der var ein viss takt i det og so.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING
adr. NORSK FOLKEMUSEUM
BYGDØY

5

Til norsk etnologisk gransking.

Daa eg sist svara paa dykkar spyrjelistene om brynar, svara eg visst at dei ikkje hadde brûka brynar av tre her hjaa oss. Saa veit eg fullt greie paa at dette ikkje er rett. Dei brûka brynar av tre. Dei var av eik.

X Det var til aa setje finegg paa hjunskeljaana sine dei brûka dei:

Hoskeland 15/4 1947.

Vyrdsamt.

Ola R. Midtbø.

312

NØRSK ETNOLOGICK GRANSKING